

Saksgang

Søkjjarane skal få melding om vedtaket så snart som råd etter sakshandsaming.

De vil få eit skriftleg tilskots- eller avslagsbrev. Dersom de får tilsegn om eit tilskot, må de stadfeste om de tek i mot tilskotet på vilkåra som er sette. Vilråa er mellom anna knytt til rapportering og rekneskapsføring. De pliktar dykk til å setje dykk inn i vilråa, og kva desse betyr for dykk.

Klage

Det er høve til å klage på vedtaket. De må sende klage innan tre veker etter at de har motteke meldinga om vedtaket. [Sjå meir informasjon her.](#)

Kva forpliktar vi oss til? Vilrå for å ta imot tilskot

Søkjjar pliktar å gje rette opplysingar i søknad. Dersom tildelinga er bygd på opplysingar frå søkjjar som ikkje er rette, er misvisande eller mangelfulle kan dette føre til krav om attendebetaling.

Når hovudutvalet gjev tilskot, forpliktar fylkeskommunen seg økonomisk. Samstundes må tilskotsmottakar forplikte seg til å følgje vilråa for tilskotet. Denne forpliktinga må vere skriftleg, og må skje før prosjektet vert starta opp. Fylkeskommunen betaler ikkje ut midlar før de har returnert signert akseptbrev av vilråa.

Dersom de takkar ja til tilskotet, skal prosjektet gjennomførast som skissert i søknaden, og i samsvar med budsjettet og finansieringsplanen som var utgangspunktet for tilskotet. Dersom de vil gjere større endringar, må de søkje fylkeskommunen om å få gjere endringar. Prosjektet skal ikkje settast i gong før tilskotet er formelt vedtatt og søkjjar har akseptert vilråa i tilskotsbrev.

De forpliktar dykk også til å rapportere og levere rekneskap slik det står i tilskotsbrevet.

Meirverdiavgift

Fylkeskommunen sine tilskot er utan meirverdiavgift. Tilskot vert normalt rekna ut frå nettobudsjett utan mva, eller budsjett der mva inngår både på inntekts- og kostnadssida. Einaste unnataket er der mva er ein reell kostnad, og tilskotsmottakar ikkje får kompensasjon. Dette kan vere der tilskotsmottakar ikkje er mva pliktig, eller i nokon få tilfelle der det er kjøpt ei vare eller teneste der det ikkje vert gitt mva kompensasjon.

Prosjektrekneskap

Dersom de får tilskot, skal de føre spesifisert rekneskap for prosjektkostnadane. Rekneskapen skal settast opp slik at han kan jamførast med endeleg budsjett for prosjektet. Samanlikninga mellom rekneskap og budsjett skal gjerast på alle underpostar og både på inntekts- og utgiftssida. Sluttrekneskapen skal godkjennast av revisor. Rekneskapsfører kan godkjenne rekneskapen for dei tilskotsmottakarane som ikkje er revisjonspliktige.

Utbetaling og likviditet

Tilskota blir i hovudsak betalte ut etterskotsvis. Det vil seie etter at prosjektet kan dokumentere at det har hatt kostnader. Det er viktig at prosjekteigaren sikrar likviditet i prosjektet og planlegg dette før oppstart, slik at prosjektarbeidet ikkje vert skadelidande.

Vi har desse utbetalingsrutinane der vi kan betale ut på førehand:

- 25 prosent når tilskotsmottakar har akseptert vilråa, og prosjektet er starta opp (førehandsutbetaling)
- Neste 50 prosent, maksimalt 75 prosent av tilskotet kan betalast ut om tilskotsmottakar dokumenterer at han/ho har hatt kostnader og søker om utbetaling. Då er det greitt med

utdrag av rekneskap. Eksempelvis kan vi betale ut 75 prosent av tilskotet frå fylkeskommunen når prosjektet har dokumentert utgifter på 75 prosent av totalbudsjettet for prosjektet.

- Vi held alltid att dei siste 25 prosent til de har sendt inn sluttrapport, og godkjent rekneskap (sluttutbetaling).

Stadfesting av tilskotsvilkår og oppmoding om utbetaling skal sendast inn gjennom

www.regionalforvaltning.no

Rapportering

De skal lagast ein eigen sluttrapport som de sender til fylkeskommunen når prosjektet er avslutta. Krav til rapportering vert omtala i tilskotsbrev.

Fylkeskommunen gjennomfører ikkje siste utbetaling før alle rapportar og rekneskap er sende inn og godkjende.

[Kva er eit prosjekt? Kva er forstudie og forprosjekt?](#)

Eit prosjekt

- har klart definert føremål og skal kome fram til eit bestemt resultat
- er tidsavgrensa
- legg vekt på utprøving, initiering og oppstart av noko
- skil seg frå ordinære driftsoppgåver og har organisering, kostnad og finansiering som er direkte knytt til føremålet med prosjektet.

Vi krev at prosjekt blir organiserte etter PLP eller tilsvarende. I Innovasjon Norge si brosjyre [PLP Prosjektlederprosessen](#) kan du lese om kva PLP er og om dei ulike fasane forstudie, forprosjekt og hovudprosjekt.

Utløysande effekt

Tilskot frå fylkeskommunen skal ha utløysande effekt. Det vil seie at prosjektet ikkje ville blitt gjennomført utan tilskotet frå fylkeskommunen, eller at prosjektet ikkje hadde blitt gjennomført i ønska omfang eller til ønska tid.

Eit prosjekt kan ikkje vere starta opp når de søker tilskot frå fylkeskommunen. Då vil tilskotet frå oss normalt ikkje ha utløysande effekt (ikkje vere naudsynt for å realisere prosjektet), og vi vil då ikkje støtte prosjektet.

Fylkeskommunen støttar ikkje vedlikehald av aktivitet. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre arbeidet på same nivå som i dag.

Må eg bruke [regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no)?

Ja. Alle søknader må sendast inn elektronisk gjennom [regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Fylkeskommunen handsamar ikkje søknader som blir sende i post eller per e-post. Ta kontakt dersom du treng rettleiing når du søker, så hjelper vi deg.

Du må også rapportere, og be om utbetaling gjennom [regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no)